



Kyrkjerådet

Journalnr: 80/17

Arkiv: 002

Vår ref: AGJ

Dato: 14.06.2017

Innspel høyring nye reglar for val av sokneråd, bispedømmeråd og Kyrkjemøte

Høyringa har vore til handsaming i Gol sokneråd 6.juni og i Gol kyrkjeleg fellestråd 14. juni. Herad sokneråd har ikkje hatt eiga møte med saka, men fått mulighet å melde synspunkt inn til dei representantane i fellestrådet.

Det var semje om uttalen i sokneråd og fellestråd og det kjem derfor 1 uttale frå Gol som omfattar både Gol sokneråd, Herad sokneråd og Gol kyrkjelege fellestråd.

Råda vil uttale seg om desse punkta:

- **Direkteval eller kombinasjonval av direkte og indirektevalomgang ved val av leke medlemer til bispedømmeråd og Kyrkjemøte.**
Her går råda inn for alternativ 2 med direkteval av alle leke medlemer.
- **Fleirtalsval – og forholdstalsval**
Her vel råda i Gol å gå for alternativ 1 med ei vidareføring av dagens ordning.
- **Personval**
Råda i Gol vil ikkje innføre att **stryking** av personar på lista.
Når det gjeld **sperregrense** meiner råda at det bør følgje same reglane som for kommuneval.(4 listestemmer er ei stemme)
Råda i Gol ynskjer ikkje at nominasjonskomiteen kan gje **stemmetillegg** (forhandskumulere)
- **Tilskot**
Sokneråd og fellestråd meiner at det er viktig at støtte til nomineringsgrupper ikkje må gå på bekostning av tilskot til gjennomføring av valet.
- **Stemmerett og manntal**
Råda meiner at reglane bør vera det same som i kommunevalet med frist 30. juni

For sokneråd og fellestråd

Anne Gerd Jorde
Kyrkjeverje Gol